



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>23.01.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:35</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Forfall til møtet:**

**Aleksander Øren Heen, Sp**

**Varamedlemer til stades:**

**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 9/18 vart handsama før sak 8/18. Elles handsama fylkesutvalet sakene i den rekkjefølgja som framgår under.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Karen Marie Hjelmeseter til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under handsaminga av dokument 18a og 18b i sak 8/18, jf. kommunelova § 31 nr. 2 og § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

**Munnlege orienteringar:**

1. Fylkesordføraren orienterte kort frå nyleg halde eigarmøte i Lutelandet Utvikling AS.
2. Fylkesordføraren orienterte kort om møtet i fellesnemnda sitt arbeidsutval 29.d.m.
3. Sogn og Fjordane Energi AS (SFE): I tilknyting til dokument 18a og 18b i sak 8/18 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/advokatane Per Andreas Bjørgan og Stein Erik Stinessen, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-137. Konsernsjef i SFE, Johannes Rauboti, og styreleiaren i selskapet, Per Atle Kjøllesdal, orienterte deretter om synspunkta til selskapet. Presentasjonen til Rauboti er journalført i ESA 16/3230-136.

**SAK 1/18      Regional plan for kultur - planprogram**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet vedtek planprogram for Regional plan for kultur slik det ligg føre.
  2. Fagområda fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert tekne inn i Regional plan for kultur.
- 

**SAK 2/18      Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Høyringsutkast til Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 09.03.2018.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg som tillegg:

Fylkesutvalet legg til grunn at Førde er fylkessenter, i tråd med vedteken fylkesdelplan.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg som tillegg:

Sogndal skal ha nemninga regionsenter i Sogn.

**Kristeleg Folkeparti** sett fram slikt framlegg som tillegg:

Dale, Høyanger og Årdal vert tekne inn som BAS-senter.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding samt tillegga frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Høyringsutkast til Strategi for senterstruktur og tettstadutvikling vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 09.03.2018, etter at desse tillegga er inntekne:
    - Fylkesutvalet legg til grunn at Førde er fylkessenter, i tråd med vedteken fylkesdelplan.
    - Sogndal skal ha nemninga regionsenter i Sogn.
    - Dale, Høyanger og Årdal vert tekne inn som BAS-senter.
- 

**SAK 3/18      Fornya reguleringskonsesjon for Fortun - Grandfastareguleringene**

**VEDTAK:**

1. I det vidare arbeidet med søknaden må det leggjast stor vekt på å greie ut konkrete tiltak som kan betre situasjonen for landskap, friluftsliv, naturmangfald, vassmiljø og villrein, - slik at avvegingane mellom miljøomsyn og energitap vert gjort på ei godt kunnskapsnivå.
  2. Fylkeskommunen støttar forslaget i rapporten om å sleppe minstevassføring i juli, august og september frå inntaka i Middalen, Helgedalen, Skagastølsdalen og Berdalen.
  3. Fylkeskommunen oppmodar NVE om å sette krav som vil betre økologisk tilstand for vassførekomstane i reguleringsområdet, jf. vassforskrifta og miljømål for vassførekomstane.
  4. Det må gjennomførast naudsynte arkeologiske undersøkingar, jf. ordninga med sektoravgift (statsbudsjettet Kap. 1820, post 74 tilskot til museums-/kulturminnetiltak.)
  5. Fylkeskommunen legg elles til grunn at NVE tek med i vilkåra at krafta frå Fortun - Grandfasta skal nyttast til industriell verksemd i Årdal, og at det vert sett vilkår til leveringsplikt dit.
- 

## **SAK 4/18        Debathefte 2018 - KS Spør**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1) Det bør ikkje gjennomførast lokale forhandlingar dersom den lokale potten vert under 1,5 %.
- 2) Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje forslag til fleire element/målsetjingar i det vidare arbeidet med ny tenestepensjon.
- 3) Det er ikkje naudsynt å vidareføre intensjonsavtalen (IA-avtalen) i den form den har no.
- 4) Ressursane bør brukast mest mogleg rasjonelt ut frå lokale forhold.

### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slike framlegg til nytt punkt 3:

Avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) bør vidareutviklast og fornyast i 2018. Ein bør ha spesielt fokus på arbeidsgrupper som ikkje har hatt same nedgang i sjukefråvær som landsnittet sidan avtalen vart innført. Dette gjeld m.a. grupper innan kommunal sektor.

Premiss om nasjonalt trepartssamarbeid skal ligge i botn ved fornying og utvikling av avtalen.

### **Avrøyting:**

Punkta 1, 2 og 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne  
Framlegget frå Arbeidarpartiet til nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1) Det bør ikkje gjennomførast lokale forhandlingar dersom den lokale potten vert under 1,5 %.
- 2) Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje forslag til fleire element/målsetjingar i det vidare arbeidet med ny tenestepensjon.
- 3) Avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) bør vidareutviklast og fornyast i 2018. Ein bør ha spesielt fokus på arbeidsgrupper som ikkje har hatt same nedgang i sjukefråvær som landsnittet sidan avtalen vart innført. Dette gjeld m.a. grupper innan kommunal sektor.

Premiss om nasjonalt trepartssamarbeid skal ligge i botn ved fornying og utvikling av avtalen.

- 4) Ressursane bør brukast mest mogleg rasjonelt ut frå lokale forhold.
- 

**SAK 5/18**

**Medlemsskap i Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vert medlem av Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område.

----//----

Fylkesutvalet fann Åshild Kjelsnes inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1.

---

**SAK 6/18**

**Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter – møte mellom styret og stiftarane**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet peikar ut følgjande til å representera fylkeskommunen på møtet mellom stiftarane og styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter 25. januar 2018: .....
2. Fylkesutvalet stiller seg positivt til at styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter vurderer endring av organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen til senteret. Fylkesutvalet understrekar at det er viktig for fylkeskommunen at Sjøfuglsenteret - uansett organisasjonsform - arbeider i samsvar med Sjøfuglsenteret sitt føremål, og ber ovannemnde representant formidle dette i møtet.

**Framlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til representant i punkt 1: Fylkesordføraren

**Avrøyting:**

Framlegget frå Senterpartiet og tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøyystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet peikar ut følgjande til å representera fylkeskommunen på møtet mellom stiftarane og styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter 25. januar 2018: Fylkesordføraren.
2. Fylkesutvalet stiller seg positivt til at styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter vurderer endring av organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen til senteret. Fylkesutvalet understrekar at det er viktig for fylkeskommunen at Sjøfuglsenteret - uansett organisasjonsform - arbeider i samsvar med Sjøfuglsenteret sitt føremål, og ber ovannemnde representant formidle dette i møtet.

---

## **SAK 7/18 Skipingsmøte Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet godtek vedtekten til Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, med følgjande merknad til § 6: Med dagens eigarforhold i selskapet skal styresamsetninga følgje reglane i aksjelova § 20-6, jf. kommunelova § 80 a.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin styremedlem i selskapet bør ikkje veljast som styreleiar.
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som eigarrepresentant og vararepresentant til stiftingsmøtet:
  - a. Eigarrepresentant.....
  - b. Vararepresentant.....
4. Fylkesutvalet nominerer følgjande som styremedlem og personleg varamedlem til selskapet:
  - a. Styremedlem:.....
  - b. Varamedlem:.....

### **Framlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slik framlegg i punkt 3 og 4:

3.
  - a. Eigarrepresentant: Fylkesordføraren
  - b. Vararepresentant: Fylkesvaraordføraren
4.
  - a. Styremedlem: Ole Johnny Stubhaug

**Venstre** sette fram slik framlegg i punkt 4 b:

Varamedlem: Prinsipalt: Bjørn Erik Hollevik. Subsidiært: Trude Risnes

**Arbeidarpartiet** sette fram slik framlegg i punkt 4 b:

Varamedlem: Senea Sabanovic

### **Avrøysting:**

Punkta 1 og 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

Framlegga frå Senterpartiet i punkt 3 og punkt 4 a vart samrøystes vedtekne.

Det prinsipale framlegget frå Venstre til punkt 4 b fekk to røyster (Bjørn Erik Hollevik og Gunhild Berge Stang) og vart forkasta.

Det subsidiære framlegget frå Venstre til punkt 4 b vart deretter sett opp mot framlegget frå Arbeidarpartiet.

Framlegget frå Venstre fekk røystene til Trude Brosvik, Bjørn Erik Hollevik og Gunhild Berge Stang og vart forkasta.

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk røystene til Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Karen Marie Hjelmeseter, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl og Helen Hjertaas og vart vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godtek vedtektene til Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, med følgjande merknad til § 6: Med dagens eigarforhold i selskapet skal styresamansetninga følgje reglane i aksjelova § 20-6, jf. kommunelova § 80 a.
  2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin styremedlem i selskapet bør ikkje veljast som styreleiar.
  3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som eigarrepresentant og vararepresentant til stiftingsmøtet:
    - a. Eigarrepresentant: Fylkesordføraren.
    - b. Vararepresentant: Fylkesvaraordføraren.
  4. Fylkesutvalet nominerer følgjande som styremedlem og personleg varamedlem til selskapet:
    - a. Styremedlem: Ole Johnny Stubhaug.
    - b. Varamedlem: Senea Sabanovic.
- 

**SAK 8/18        Skriv og meldingar fylkesutvalet 23. januar 2018 - oppdatert 22.01.18**

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1a: Orientering om endring av rutinar for inntak til YSK-tilbod i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 1b: Inntaksrutinar for YSK Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2: Godtgjersle for møte i fellesnemnda

-----//-----

**Fylkesutvalet vedtok at møtegodtgjersla for høvesvis fellesnemnda, arbeidsutvalet og det partssamansette utvalet skal utbetalast etter gruppe 1.**

- 3: Møte i fellesnemnda - "oversendingsforslag"
- 4: Fv. 60 Ugle - Skarstein
- 5: Orientering om rettskraftig dom i straffesak
- 6: Orientering om dom i arbeidsrettssak
- 7: Suppleringsval fagopplæringsnemnda 2016 - 2020
- 8a og b:Vedtektsendring i Sørvest bomvegselskap AS (snart Ferde AS)
- 9a: Brev frå Samferdsledepartementet: Overføring av sams vegadministrasjon til regionalt folkevald nivå. Mandat for utgreiing
- 9b: Sams vegadministrasjon - mandat for utgreiing
- 10: Brev frå nelfo datert 05.12.17: Vedrørende bruk av lærlingeklausuler i offentlige anbud
- 11a: Kjøp av regionale flyruter - overføring av ansvar til fylkeskommunen
- 11b: Svar på spørsmål om overføring av ansvaret for kjøp av flyruter til nye regioner i Sør Norge

-----//-----

**Fylkesordføraren følgjer opp saka gjennom å invitere til eit møte med Samferdsledepartementet.**

- 12a: Møtereferat 01/17- Administrativ styringsgruppe for Førdepakken
- 12b: Møtereferat 02/17 - Administrativ styringsgruppe for Førdepakken
- 12c: Møtereferat 03/17 - Administrativ styringsgruppe for Førdepakken
  
- 13a: E-post frå KS datert 18.12.17: Samarbeidsmodell mellom fylkeskommunane, Innovasjon Norge, Siva og Forskningsrådet
- 13b: Samarbeidsmodell mellom fylkeskommunane, Innovasjon Norge, Siva og Forskningsrådet
  
- 14a: E-post frå Regiondirektør i Næringslivets Hovudorganisasjon Vestlandet, Tom Knudsen - Vest i Øst
- 14b: Invitasjon frå Vest i Øst, datert 18.12.17
- 14c: Vest i Øst - Budsjett 2018

-----//-----

**Fylkesutvalet avslo søknaden frå NHO Vestlandet.**

- 15: Søknad om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru
  
- 16a: Høyring - Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019 og stortingsvalet i 2021
- 16b: Høyringsnotat
  
- 17: Møte om nynorskens hus
  
- 18a: Notat frå Lund og co: Løypemelding 1/2018  
*Ikkje offentleg, Offl. §15 andre ledd og § 23 første ledd*
- 18b: Vedlegg løypemelding  
*Ikkje offentleg, Offl. §15 andre ledd og § 23 første ledd*

-----//-----

**Fylkesutvalet fann Gunhild Berge Stang inhabil til å ta del ved handsaminga av dokument 18a og 18b, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.**

- 19a: Gjøa-avtalen, jf. FU-sak 139/16 - Løypemelding nr. 6  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 første ledd*
- 19b: Presentasjon frå møte 15.01.18  
*Ikkje offentleg, Offl. § 23 første ledd*
  
- 20: Utfordringar knytt til it-løysinga «Papirlaus politikar»
  
- 21: NRK si omlegging av distriktsendingane

-----//-----

**Fylkesutvalet støtta fylkesordføraren sitt utkast til uttale.**

**SAK 9/18**

**Utbygging og drift av Nova-feltet. Høyring av konsekvensutgreiing.**

**VEDTAK:**

1. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med nye utbyggingar utanfor fylket. Konsekvensutgreiinga er utspeideleg i høve ringverknadar i Sogn og Fjordane, og det er naturleg å spisse nokre av forventningane.
  2. Florø ligg nærmast feltet. Her er det over tid utvikla areal, kompetanse og annan infrastruktur slik at industrien leverer komplette og konkurransedyktige tenester. Tre operatørselskap er etablerte, og føresetnadane for effektivt samarbeid er dei aller beste. Dette tilseier at det både med omsyn til økonomi, miljø og tryggleik, så vel som ut frå omsyn til at aktivitet offshore skal syne att i aktivitet på land, bør Florø veljast som forsynings- og helikopterbase. At fagforbundet Industri Energi i fråsegn til KU-program går inn for denne løysinga, underbyggjer dette. I forhold til helikoptertransport vil vi peike på at avstanden frå Nova til Florø er vesentleg kortare enn til Flesland, med dei tryggleiksaspekt dette har.
  3. Utbygging av Nova-feltet vil m.a. innebere omfattande aktivitet knytt til røyrlegging og installasjon av subseamodular. Å definere Florø som transportknutepunkt (både personell og utstyr) også for desse aktivitetane, er viktig for at leverandørindustrien vår skal finne grunnlag for eit best mogleg inngrep i prosjektet. Så snart hovud-/systemleverandørane er valde, forventar vi difor at det blir arrangert leverandørseminar eller anna med tilsvarande effekt, slik at kontakt mellom desse og leverandørindustrien kan etablerast for å sikre eit best mogleg grunnlag (informasjonsflyt mm.) for konkurransedyktige tilbod av støttetenester og utstyr.
  4. For Nova er det i seinare driftsfase grunn til å tru at det vil være omfattande aktivitet knytt til lagring og vedlikehald av subseautstyr. Vedlikehald av innsendt utstyr bør vere eit absolutt minimum av driftsoppgåver som bør leggast til Florø. Denne modellen er i dag gjeldande for Gjøa, så vel som for Vega (Wintershall operatør). På Fjord base og i området elles, er det over tid utvikla infrastruktur og erfaring til å ta hand om slike oppgåver (subsea og anna utstyr). Lokalt bachelorstudium i undervass-/havromsteknologi er med å styrke denne kompetanse-basen.
-